



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 31.05.2016 kl. 19:00 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Leif Arne Fureli, Anne Lise Ljøtebø, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Borgny Birkeland, Irene Aase Aarseth, Sturla Bell Fossen og Runar Matsui-Li.

**Meldt forfall:** Jarle Berge og Stine Irene Røyseth. **Fråverande:** Lisbeth Haugsbø.

#### Kopi av møteboka går til:

Prosten, Ordføraren, Rådmannen, Eldrerådet, Kyrkjelydspedagogen

#### Sakliste:

Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.

Lisbeth Haugsbø fekk ikkje innkalling til førre møte. Elles ingen merknadar.

#### MELDINGSSAKER:

##### 000017 Soknepresten har ordet

Soknepresten las søndagens tekst, og delte med oss nokre tankar rundt den.

##### 000018 Trusopplæringsutval

Gunhild Bekkelien er spurdt, og kan gjerne ta del i arrangement, men vil ikkje vere i utvalet.

Utvalsmedlemer så langt: Irene A. Arseth, Stine Røyseth og Audun Digranes.

##### 000019 Dugnad på kyrkjegardane

På Kyrkjebø møtte 14 stk., og i Vadheim 10 stk. til dugnad.

Begge stadar var det god stemning og mykje godt arbeid vart utført. Ytterlegare utbetringar er aktuelt på begge gravstadane, men det arbeidet ligg utanfor soknerådet sitt ansvar og økonomiråmene me rår over.

##### 000020 Revisjonsmelding.

Revisjonsmeldinga for Kyrkjebø sokneråd for 2015 vart referert og teken til vitande.

##### 000021 Ny økonomisjef i Høyanger kommune.

Ingvar Linde er tilsett som ny økonomisjef i kommunen. Teke til vitande.

##### 000022 Elektronisk betalingsmiddel i kyrkjene ?

Erlend Haugsbø har undersøkt kva Sparebanken S & Fj. kan tilby, jmf. E-post til Digranes.

**Vedtak:** Administrasjonen vert beden om å bringe saka vidare til prostiet.

##### 000023 Kyrkjejubileum 2019

Leiaren refererte frå samtalar han hadde hatt med nemnda som arbeidde med Lavik kyrkje sitt jubileum.

Dei starta sitt arbeid i 2012 framfor jubileet i 2015, og i 2013 la dei tidsplanen for elementa som var:

- a) temakveldar, b) salmekveldar, c) barnekorkonsert, d) korkonsert og e) jubileumsgudsteneste.

I tillegg vart det utarbeida ei jubileumsbok (500 eks), der gode foto hadde vist seg å verte ei utfordring.

**Vedtak:** Soknerådet vil ha saka på saklista på møta framover, og arbeider meir systematisk med jubileet frå hausten av.

##### 000024 Hekkeplantar på Kyrkjebø kyrkjegard.

Kommunegartnaren er sett på saka, og soknerådet avventar uttale frå han via kyrkjeverja.

## VEDTAKSSAKER:

### Sak 015/16 FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ VADHEIMSSTØLEN

Gudstenesta vert den 21.08.2016, og oppgåvefordelinga vart slik:

- |                                                                              |                                     |
|------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------|
| a) spørje om hus/plass                                                       | Borgny                              |
| b) rigging av benkar, presenning mm                                          | Kåre Skaar                          |
| c) salmebøker m m                                                            | Soknepresten                        |
| d) annonsering                                                               | Audun                               |
| e) servering, Sanitet og Pensjonistlag utfordra                              | Audun                               |
| f) musikk                                                                    | Leif Arne, Agnethe                  |
| g) ting for borna                                                            | konfirmantane i Vadheim og Kyrkjebø |
| h) andre oppgåver: prest er Runar, organist er Tony og kyrkjetenar er Irene. |                                     |

### Sak 016/16 TILDELING OFFER 2. HALVÅR 2016

#### Vedtak:

Sjå eiga liste !

Dato:	Kyrkjebø:	Dato:	Vadheim:
2606	Anne Lise Ljotebø	1707	Borgny Birkeland
1007	Erlend A H Haugsbø	2108	- - -
3107	Jarle Berge		
2808	Sturla Bell Fossen		

### Sak 017/16 KYRKJEVERTAR 2. HALVÅR 2016

Dato:	Kyrkjebø:	Dato:	Vadheim:
2606	Anne Lise Ljotebø	1707	Borgny Birkeland
1007	Erlend A H Haugsbø	2108	- - -
3107	Jarle Berge		
2808	Sturla Bell Fossen		

#### Vedtak:

Liste over kyrkjevertar vert oppsett til og med august. Vidare oppsett vert utsett til neste. I mellomtida spør soknerådsleiaren om nokon i pensjonistlaget kan tenkje seg å vere med som vertar.

**Møtet slutt 20.50**

Sturla Bell Fossen  
skrivar